



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
07.05.2018	57345/2018	Bjørn Ringstad

Saksnr

Utval

Møtedato

Kultur- og folkehelseutvalet

16.05.2018

Orientering om Kystpilegrimsleia

Kystpilegrimsleia er eit samarbeidsprosjekt mellom fem fylkeskommunar og fire bispedøme frå Rogaland i sør til Trondheim i nord og Riksantikvaren.

Målet med Kystpilegrimsleia er å ta opp att og bruke mellomalderen si seglingslei frå Stavanger til Trondheim (Nidaros) som eit miljøvenleg og berekraftig reiselivsprodukt på kulturminna og kulturmiljøet sine premiss. Langs heile kystleia finn vi kyrkjer og heilagstader, spor etter den tidlege kristninga av landet, kongsgardar og tingstader, gamle handelstadar og fyrstasjonar, i tett sameksistens med dagens kystsamfunn. Det er dette som no er samla til eit nytt reiselivsprodukt med både innhald og meining.

Bakgrunn og grunngjeving for etablering av kystleia som ei pilegrimslei til Nidaros finn vi i Adam av Bremen si skriftlege kjelde frå om lag 1075. Her skriv han: «*Viss ein seglar frå Ålborg eller Vendsyssel i Danmark, kjem ein i løpet av ein dag over til Viken, som er ein by i Noreg (truleg Oslo). Derfrå held ein til venstre og seglar langs Noregs kyst, og på den femte dagen når ein fram til byen Trondheim. Ein kan også reise ein anna veg, som fører frå danskane sitt Skåne over land til Trondheim. Men denne vegen over fjella tek lengre tid, og ettersom han er farefull, blir han unngått av reisande.*»

Møre og Romsdal fylkeskommune sin rolle i arbeidet

Møre og Romsdal fylkeskommune blei engasjert i arbeidet med kystpilegrimsleia i 2011. I perioden 2012-13 blei det gjennomført eit forprosjekt i samarbeid med fylkeskommunane og bispedøma på kyststrekninga, for å fastslå om det var grunnlag for å gå vidare på ei satsing med eit hovudprosjekt. I 2014 starta ein opp med hovudprosjektet, eit 3-årig verdiskapingsprosjekt med økonomisk støtte frå Riksantikvaren. Det blei tilsett prosjektleiar knytt til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og same år blei det gjennomført ein lanseringsseilas med det gamle hurtigruteskipet M/S Nordstjernen.

Då prosjektleiar slutta i januar 2016, blei det stillstand i prosjektet i ei periode. Ny prosjektleiing blei NCE Tourism – Fjord Norge.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vore representert i prosjektgruppa og dels i arbeidsutval med fylkeskonservator Bjørn Ringstad, og i styringsgruppa med Torleiv Rogne og Frøydis Austigard (2016-dd).

Hausten 2017 blei det sendt søknad til Nasjonalt Pilegrimsenter om godkjenning av Kystpilegrimsleia som nasjonal pilegrimsveg – St. Olavsveg til Trondheim. I

desember same år blei Kystpilegrimsleia formelt godkjent i styremøte i Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider. Søknaden gir ein samanfattande gjennomgang av arbeidet som er gjort med å etablere Kystpilegrimsleia.

Opninga av Kystpilegrimsleia blir markert med diverse arrangement på strekninga og ein seglas med den restaurerte Colin Archer redningsskøyta Risør II frå Stavanger til Trondheim i juni 2018. Møre bispedømme, Møre og Romsdal fylkeskommune og Smøla kommune har ansvaret for den nasjonale opninga og hovudarrangementet på Smøla (Edøy/Kuli) laurdag 23. juni.

Nøkkelstadar i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i utgangspunktet velt ut 13 destinasjonar som aktuelle pilegrimsmål i vårt fylke. Då dei andre fylka hadde langt færre, blei det gjort ei viss harmonisering med å velje ut 5-6 nøkkelstadar i kvart fylke. I Møre og Romsdal er desse nøkkelstadar:

- Herøy – Herøy k.
- Giske – Giske k.
- Borgund – Ålesund k.
- Veøy – Molde k.
- Kvernes – Averøy k.
- Edøy/Kuli – Smøla k.

I tillegg til desse, er følgjande stader aktuelle pilegrimsmål i Kystpilegrimsleia:

- Åheim – Vanylven k.
- Ulstein – Ulstein k.
- Bud – Fræna k.
- Rødven – Rauma k.
- Tingvoll – Tingvoll k.
- Frei/Rastarkalv – Kristiansund k.
- Grip – Kristiansund k.

I tillegg ønskjer ein å kople Valldalsleia, den godkjente pilegrimsleia frå Valldal til Dovre, som ei aust-vestkopling mellom Kystpilegrimsleia og Innlandsleden. Dette inneber at Valldal i Norddal kommune også må sjåast på som eit element i Kystpilegrimsleia. Det kan også på sikt bli valt ut andre pilegrimsstadar i vårt fylke.

Framtidig organisering

Den statlege modellen for pilegrimssatsinga som er lagt opp i *Strategi for pilegrimssatsing* frå 2012, er fortsatt gjeldande. I arbeidet med ny langtidsplan for pilegrimssatsinga skal den statlege organiseringa og finansieringsordninga vurderast. Arbeidet er antatt ferdigstilt i løpet av 2019.

Styringsgruppa for Kystpilegrimsleia meiner at planlegging av framtidig organisering av Kystpilegrimsleia må ha som utgangspunkt at Kystpilegrimsleia er ein av fleire nasjonale pilegrimsleier organisert under Nasjonalt Pilegrimssenter.

I påvente av at utredninga med langtidsplanen ikkje er klar og at endeleg organisasjonsform ikkje er valt, er det ønskeleg å etablere eit utviklingsprosjekt som på mellombels sikt som skal ta ansvar for vidareføring av Kystpilegrimsleia etter prosjektslutt i juni 2018. Ein trur dette vil gjere det enklare å fase inn Kystpilegrimsleia i det nasjonale pilegrimsarbeidet.

Prosjekteigar er dei fem fylkeskommunane som står bak Kystpilegrimsleia. Riksantikvaren har støtta prosjektet som eit verdiskapingsprosjekt med 500 000 kroner under føresetnad av fullfinansiering av prosjektet, det vil seie 100 000 kroner frå kvar av fylka. Det er rådd til at prosjektleiinga for utviklingsprosjektet vert lagt til Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim.

Under føresetnad av at dei andre fylkeskommunane er med i prosjektet, blir finansieringa av Møre og Romsdal fylkeskommune sin del å hente frå prosjektet Ein bit av historia. Vi viser her til vedtak av økonomiplan 2018-2021, budsjett for 2018.

Vedlegg

1 Tilskotsbrev 2018 - Statsbudsjettet 1429 post 77